

Hus 2-0

Forsikringsvilkår  
HUSEIGAR  
Gjeld frå 01.01.2020

møretrygd



**Innhald:**

<b>Punkt</b>	<b>Side</b>	<b>Punkt</b>	<b>Side</b>
1. Kven forsikringa gjeld for	2	6. Erstatningsberegning, skadeoppgjær, eigendel og reglar for verdisetting	4
2. Kvar forsikringa gjeld	2	7. Naturskade	6
3. Kva som er forsikra	2	8. Offentlege påbod	6
4. Kva skadar som vert dekt	2	9. Ansvar	7
5. Sikringskrav Andre personar sine handlingar, forsømingar og endring av risiko	3		

Forsikringsavtalen består av:

- Forsikringsbeviset med spesifikasjonar og særvilkår.
- Generelle vilkår.
- Forsikringsavtalelova av 16. juni 1989, så langt denne ikkje er fråveke i vilkåra.
- Lov om naturskadeforsikring av 16. juni 1989.

Forsikringsbeviset med spesifikasjonar og særvilkår gjeld føre vilkåra.

## 1. Kven forsikringa gjeld for

Forsikringa gjeld for

- 1.1 den som er nemnd i forsikringsbeviset (forsikringstakar)
- 1.2 innehavar av tinglyst eigedomsrett, panterett eller andre rettar sikra ved tinglysing i fast eigedom.
- 1.3 innehavar av panterett i lausøyre eller varer, men berre dersom panthavaren har teke i mot forsikringsattest frå selskapet, jfr. FAL paragraf 7-1, 3.ledd, som er fråveken
- 1.4 Annan panthavar eller eigar av ting enn dei som er omtalt ovanfor, men berre dersom forsikringstakaren har forsikringsplikt eller ber risikoen for tingen. Selskapet kan med bindande verknad for medforsikra endre avtalen eller la den opphøre. Ved skadeoppgjer kan selskapet forhandle med forsikringstakaren og utbetale erstatning til han med bindande verknad for medforsikra med mindre selskapet har fått skriftleg melding om den medforsikra sine interesser etter at skaden skjer, men før oppgjer finn stad.
- 1.5 Ved eigarskifte gjeld forsikringa til ny eigar har teikna forsikring, men ikkje lenger enn 14 dagar etter eigarskiftet

## 2. Kvar forsikringa gjeld

- 2.1 forsikringa gjeld på den staden som er nemnd i forsikringsbeviset (forsikringsstaden).
- 2.2 Borteforsikring  
For ting, som midlertidig er på ein annan stad innan Norden, og som skal til forsikringsstaden, gjeld forsikringa med inntil kr 300.000,-.
- 2.3 Naturskadeforsikring gjeld berre i Noreg. Sjå egne vilkår.

## 3. Kva som er forsikra Bygning og lausøyre

Forsikringa omfattar dei gjenstandane og interessene som er nemnt i forsikringsbeviset.

### 3.1 Bygningar

Forsikringa gjeld ikkje kunstnarisk utsmykking som ikkje er særskilt nemnt i forsikringsbeviset. Når bygning er forsikra er følgjande også med:

- 3.2 Utvendige tilknytte leidningar med tilknytt utstyr, her medrekna bygningen sin drens og overvannsledning, fram til offentleg leidning, som fører elektrisitet eller væske til eller frå bygningen, men ikkje slike som i hovudsak er montert for maskiner og lausøyre i produksjon-eller næringsverksemd.
- 3.3 Forsikringa gjeld også oljetank, septiktank og drenskum.  
Forsikringa omfattar ikkje:  
Infiltrasjonsgrøft, spreideledning, spreidegrøft eller jordvarmerør
- 3.4 Lausøyre  
Lausøyre tilhøyrande eigedomen. Med lausøyre er meint hagereiskap, snøryddingsutstyr, kontorutstyr til vaktmeister, verktøy og liknande.
- 3.5 Inkluderte tilleggsytingar  
I tillegg til bygning og lausøyre omfattar forsikringa:
- 3.6 Bygningsmessige forandringar/påkostingar i avtaleperioden, med inntil 10% av bygningen sitt

premiegrunnlag. Verdiauken skal meldast til selskapet seinast ved utløp av avtaleperioden.

- 3.7 Utvendig vassbasseng med tilknytte leidningar, gjerde og flaggstong samt utgifter ved tilsåing og nyplanting av hageanlegg med til saman inntil kr. 60.000,-.
  - 3.8 Avbrotstap ved nedgang i husleigeinntekt i inntil to år som fylgje av erstatningsmessig skade. Erstatningsberegninga er begrensa til 20 % av premiegrunnlaget for den skada bygning. Unnateke er tap av husleigeinntekt på grunn av at bruken av forsikringsstaden vert fysisk hindra eller gjort vanskeleg å bruke som følgje av forhold nemnt i naturskadevilkåra
  - 3.9 Meirutgifter til skadeutbetring som kjem av påbod med heimel i lov eller offentlege forskrifter, med inntil 10% av bygget sin gjenoppføringspris på skadedagen, maksimum kr. 1.000.000,- Sjå pkt. 8. Unnateke er utgifter ved påbod som styresmaktene hadde heimel til å gje sjølv om skaden ikkje hadde skjedd.
  - 3.10 Utgifter til riving, rydding og bortkøyring av vverdilause restar av skada ting, avgrensa til 20% av premiegrunnlaget.
  - 3.11 Lagring og destruksjon av miljøskadelege restar Meirutgifter, innanfor et tidsrom av 12 månader, til midlertidig lagring og destruksjon av miljøskadelege restar av skada ting etter påbod gitt med heimel i lov eller offentlig forskrift, med inntil 20% av premiegrunnlaget, høgast kr 3 000 000. Unnateke er utgifter ved påbod som styresmaktene hadde heimel til å gje sjølv om skaden ikkje hadde skjedd.
  - 3.12 Påkomne ekstra utgifter på grunn av prisstigning i perioden frå skadedato fram til tidspunktet då reparasjon/gjenoppføring/ gjenkjøp har skjedd eller normalt kunne ha skjedd, avgrensa til 10% av erstatninga etter prisnivået på skadedagen.
  - 3.13 Hagereidskap og lausøyre til eigedomen, samt fyringsolje med til saman kr 100.000,-
  - 3.14 Ansvarsforsikring – som eigar av den forsikra eigedom. Sjå pkt. 9.
- ## 4. Kva skader som vert dekt
- ### 4.1 Brann
- Skade vert erstatta når han kjem frå:
- Brann, det er "eld som har kome laus"
  - Uforutsett nedsoting frå eldstad
  - Luftfarty, eller deler av luftfarty, som råkar ting.
- Unnateke er
- svi-skadar og skade av gneistar åleine.
  - skade på ting som med vilje er utsett for varme.
  - skade på forbrenningsmotor ved eksplosjon i sjølv motoren
  - skade på transformator, elektrisk maskin, apparat, datautstyr ved eksplosjon i desse.  
Sikringskrav, sikring mot brann, sjå punkt 5
- ### 4.2 Naturskade.
- Sjå pkt.7.
- ### 4.3 Lynnedslag
- Selskapet svarar for fysisk skade ved direkte lynnedslag. Med direkte lynnedslag er det meint at gjenstanden er direkte råka av lynet, og ber merke etter lynnedslaget.
- ### 4.4 Kortslutning og anna elektrisk fenomen
- Unnateke er :
- skade på datautstyr, herunder telefonsentralar
  - skade på elektrisk maskin, apparat eller leidning med driftsspenning over 1000 volt.
  - transformator sjølv om det oppstår brann i tingen.  
Spesielt aldersfrådrag sjå pkt. 6.10

**4.5 Skade ved eksplosjon.** For skade på bygning frå sprengingsarbeid på forsikringsstaden er eigendelen kr. 30.000,-.

**4.6 Skade ved utilsikta utstrøyming av vatn eller anna væske** frå leidning med tilknytt utstyr ved brot, lekkasje eller overfløyming.

Dersom vatn eller anna væske trengjer inn i bygning utanfrå erstattar selskapet berre når væska kjem frå

- kloakkleidning eller overvassleidning i grunnen
- tilføringsleidning for vatn eller fyringsolje

Unnateke er

- skade ved vatn eller anna væske som trengjer inn i bygning på annan måte enn nemnt ovanfor.
- skade ved sopp eller råte
- skade på golv og veggar i våtrom (baderom og vaskerom) dersom utstrøyminga skjer inne i våtromet.
- tap av vatn eller væske

**4.7 Brot på bygning og vassbasseng si leidning** for vatn eller anna væske, oljetank, septiktank, drenskum, varmtvassbeholdar/-beredar eller fyrkjel. Aldersfrådrag sjå pkt. 6.10

Unnateke er

- utgifter til tining av utvendig leidning
- skader på drensleidning
- utgifter til utbetring av hageanlegg og vassbasseng utover kr. 60.000,-

**4.8 Innbrottsjuveri og hærverk** ved innbrot i bygning eller i rom i bygning.

Unnateke er

- skade ved tjuveri og hærverk når bygningen eller romet er ope for kundar eller publikum
- utgifter til utskifting av låsar dersom nøklar har kome på avveie.

**4.9 Brotskade på glas og sanitærporselen**

Selskapet svarar for brotskadar på glasaruter og sanitærporselen i rom i bolig. I boligens tilhøyrande lofts- og kjellarrom og i oppgang som berre fører til boliger.

Unnateke er

- innredning, utstyr, glas og sanitærporselen som er spesielt montert for eller som har tilknytning til erhvervsverksemd.
- utsett isolerglass

**4.10 Snøtyngde, snøpress, ras frå tak**

Selskapet svarar for skade ved snøtyngde, snøpress og ras frå eller på tak.

**4.11 Anna direkte skade på bygning**

Unnateke er

- skade som aleine rammer mekaniske eller elektrisk innretning.
- skade som aleine består av svinnsprekker, flekkar, riper, avskallingar o.l.
- skade som skuldast utilstrekkeleg eller sviktande fundamentering, setningar i bygget, jordtrykk, materialfeil, rust, korrosjon eller anna tæring, svak eller feilaktig konstruksjon eller feil montering.
- skader som skuldast dyr, insekt, bakteriar, sopp eller råte.

**4.12 Fellesavgrensingar**

Selskapet svarer berre for skadar som skjer i den tid då selskapet sitt ansvar gjeld etter forsikringsavtalen og FAL.

**5. Sikringskrav**

Endring av risiko, sikringskrav og andre personar si handling med verknad for den sikra.

Forsikringa er overteken på vilkår av at dei fastsette sikringskrav til ei kvar tid vert overholdt.

Ved brot på sikringskrava kan retten til erstatning falle bort eller verte redusert, (jf. Fal § 4-8).

**5.1 Lover og forskrifter gjeve av det offentlege.**

**5.2 Det som er fastlagt i lov om brannvern med forskrifter, samt pålegg frå offentleg brannvern.**

**5.3 Lov om tilsyn med elektriske anlegg med**

tilhøyrande forskrifter, samt det som blir pålagt av det stadlege el-tilsyn, skal følgjast.

**5.4 Sikring mot brann**

Dører og brannlemmar skal haldast lukka. Når det er naudsynt å halde branndører og brannlemmar opne, kan dette tillatast dersom det er montert automatisk slukningsutstyr kopla til røykdetektor. Sløkkingsreiskap skal vere tilstades på ein godt synleg og tilgjengeleg stad og vera i god stand. Dei skal vere merka med dato for siste kontroll, og kontrollerte minst ein gong for året.

**5.5 Varmt arbeid**

**Definisjon**

Med varmt arbeid er meint arbeid der det vert nytta arbeidsverktøy og -utstyr som genererer gnister og varme som kan føre til brann. Varmt arbeid omfattar også bruk av open flamme, varmlufts-, sveise-, skjære-, og slipeutstyr.

**Kvar sikringskrava gjeld**

Sikringskrava gjeld ved utføring av varmt arbeid i alle miljø med brannrisiko.

Unnateke er varmt arbeid som utførast i spesielt tilrettelagte produksjons- og verkstadrom. Rommet skal vere skilt frå annan verksemd som eigen branncelle. Denne skal ha ubrennbare overflater.

**Avtale med ekstern håndverker/entreprenør**

Dersom varmt arbeid skal utførast av ekstern håndverker/entreprenør skal sikra se til at sikringskrava inngår i skriftleg avtale eller kontrakt med denne.

**Sikringskrav**

-Arbeidsinstruks for utføring av varmt arbeid utgitt av Finans Norge eller tilsvarande instruks skal vere fylt ut og signert før utføring av arbeidet. Arbeidsinstruksen er tilgjengeleg på [www.fgsikring.no](http://www.fgsikring.no)

-Alt brennbart materiale i risikoområdet der varmt arbeid utførast skal vere fjerna eller beskytta.

-Åpningar i golv, vegger og tak i risikoområdet der varmt arbeid utførast skal vere tettet.

-Egna slukkeutstyr i forskriftsmessig stand, minimum 2 stk 6 kg/liter håndslukkeapparat skal vere lett tilgjengeleg. Et håndslukkeapparat kan erstattes med brannslange påsatt vann fram til strålerøret.

-Navngitt brannvakt skal kontinuerleg overvåke brannrisiko under arbeidet, i pauser og nødvendig tid etter at arbeidet er avslutta, minimum 1 time. Utførande kan vere brannvakt der risikoen vurderast som låg.

-Brannvakt og utførande skal ha gyldig sertifikat for utføring av varmt arbeid frå Norsk Brannvernforening eller samarbeidande organisasjon i øvrige nordiske land.

**I tillegg til punkta ovanfor gjeld følgjande sikringskrav ved arbeid på tak**

-Det er forbod mot bruk av open flamme på oppføra og lufta tretak.

-Ved bruk av open flamme på kompakte og øvrige tak

skal brennbar isolasjon vere beskytta med minst 30 mm ubrennbar isolasjon. Ved bruk av open flamme skal det vere ei sikringsavstand på minst 60 cm til parapet, gesims, gjennomføringar, sluk eller lignande som består av brennbare materialer.

### 5.6 Sikring mot innbrotstjuveri og hærverk ved innbrot

Ytterdører og dører frå fellesareal skal vere låst, Dører som ikkje er offentleg påbudt rømningsveg skal ha FG-godkjent lås, Vindaug og øvrige opningar skal vere lukka og sikra.

### 5.7 Sikring mot vannskader

Bygningen skal alltid vere nok oppvarma for å unngå vannskade ved frost. Dersom bygning vert forlatt for meir enn 14 dagar, skal hovudvasskrane stengast. Det skal vere kontrollert at hovudvasskrane ikkje lek og trykket i anlegget skal vere sleppt ut ved å tappe ned anlegget.

Sikring mot frostskaade på utandørs symjebasseng og anna badekilde. For å forebygge skade ved frostsprenging, skal symjebasseng eller anna badekjelde, samt rørleidningar tømast for vatn eller der skal vere påsett tilstrekkeleg varme etter normale temperaturforhold for årstida.

### 5.8 Tank for oppbevaring av brannfarleg væske og andre kjemikalier

Følgjande sikringskrav om regelmessig kontroll av og forsvarleg oppsamlingsskum for tankar (her under andre behaldarar ) til oppbevaring av brannfarlig væske og andre kjemikalium gjeld:

#### Nedgravne tankar

Nedgravne tankar skal kontrollerast jevnleg (korrosjonsangrep skal kontrollerast i reingjort tank og veggjukt skal målast) og tank inklusive rørleidningar skal tettingsprøvast med trykkluft eller vakuum:

- Første kontroll skal utførast seinast 15 år etter at tanken var ny, og deretter minst kvart 5. år
- Rekondisjonerte tankar skal kontrollerast første gong seinast 10 år etter rekondisjoneringa, og deretter minst kvart 5. år

Tankar der tjukkelsen på veggjar er redusert med 50% eller meir kan ikkje rekondisjonierast.

Tilstands- og kvalitetskontrollen inklusive målte tjukkelsar på veggane skal dokumenterast skriftleg. For visse tanktypar kan kontroll alternativt gjennomførast ved slikt system for automatisk lekkasjeovervaking som vist til i Forskrift av 19. mars 1991 nr. 210 om tiltak for å hindre lekkasje frå nedgravne tankar for brannfarleg væske klasse A (Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern), og Forskrift av 31. januar 1997 nr. 102 om tiltak for å motverke fare for forureining frå nedgravne oljetankar (Statens forureiningstilsyn, Oljevernveddelinga).

#### Overgrunns oppbevaringstankar

Stasjonære, overgrunns oppbevaringstankar skal vere sikra med forsvarleg oppsamlingsskum eller anna effektivt oppsamlingsarrangement for lekkasjar i samsvar med Forskrift av 7. desember 1982 nr 1949 om tiltak for å hindre spill eller lekkasje frå stasjonære utandørs overgrunnstankar for oppbevaring av brannfarleg væske (Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern).

## 6. Erstatningsberegning, skadeoppgjær, eigendel og reglar for verdisetting

FAL 6-1 er fråviken. I staden gjeld følgjande reglar:

### 6.1 Bygning

#### Ved gjenoppføring eller reparasjon

Dersom bygningen vert reparert/gjenoppført

- innen landet sine grenser,
- til same formål,
- innan 5 år,
- av forsikringstakar, eigar, ektefelle/sambuar eller livsarving, vert erstatninga rekna etter følgjande reglar:

Erstatninga vert utmålt på grunnlag av kostnadane til istandsetting / gjenreising til same, eller i hovudsak same stand som rett før skaden skjedde, rekna etter prisane på skadedagen.

Erstatningsgrunnlaget kan ikkje settast høgare enn gjenreisingsprisen for skaden, men med frådrag for verdien etter skaden, rekna etter same reglar.

Det skal gjerast frådrag for verdiauke ved betring av tilstanden av den skadde bygningen eller del/ komponent av bygningen, ved at brukt vert erstatta med nytt. I vurderinga skal det takast omsyn til fysisk forringing for elde, bruk eller annan påverknad.

Frådraget skal gjerast for den del av verdiauken som er større enn 40% av verdien av bygningen eller delen / komponenten før skaden.

Dersom omsetningsverdien av den nye / istandsette bygningen, til same føremål på forsikringsstaden, vert større enn bygget sin salsverdi før skaden, skal det gjerast frådrag for den auken som er større enn 40% av omsetningsverdien var for skaden.

Ved fastsetting av bygget sin salsverdi skal det takast omsyn til mulege endringar i avkasting, plassering og andre omsyn. Nødvendige utrekningar skal gjerast på ein byggepris som svarar til gjenreisingsprisen.

Dersom bygningen vert reparert/gjenoppført utanfor forsikringsstaden, eller til anna formål innan 5 år, av forsikringstakar, eigar, ektefelle / sambuar eller livsarving, skal det gjerast frådrag for ein kvar auke av omsetningsverdien som atterreisninga fører med seg.

Bygning som ikkje har omsetningsverdi skal verdsettast slik:

Bygningen sin omsetningsverdi før skaden settes til bygningen sin gjenoppføringspris med frådrag av verditap av bygningen sine komponenter på grunnlag av elde, bruk og anna fysisk forringelse, samt for ting som står føre utskiftning, multiplisert med 0,9.

Ved gjenoppføring til same formål settes omsetningsverdien etter skaden til gjenoppføringsprisen.

Ved gjenoppføring eller reparasjon til anna formål, men elles tilfredstillar krava i pkt. 1, skal auken av omsetningsverdien ut over 10% trekkast frå.

### 6.2 For bygning som ikkje vert sett i stand /

gjenoppført, skal erstatningsgrunnlaget fastsettast etter hovudregelen, men ikkje høgare enn til bygningen sin salsverdi før skaden.

Dersom bygningen ikkje kan omsettast særskilt, så skal bygningen sin bruksverdi leggest til grunn.

### 6.3 Bygning som står føre riving.

Midlertidig bygg som ikkje skal settast i stand / gjenoppført.

Erstatningsutmåling, er avgrensa til verdien av brukbare materialar frå bygningen, teke ned og lagt fram for sal / transport. Det skal gjerast frådrag for utgiftene for riving.

### 6.4 Maskiner og lausøyre

#### Ved gjenkjøp eller reparasjon

Erstatninga vert rekna på grunnlag av kostnadane til reparasjon/gjenkjøp til same eller vesentleg same stand som umiddelbart før skaden skjedde, rekna etter prisane på skadedagen.

Erstatningsgrunnlaget kan ikkje settast høgare enn atskaffingsprisen før skaden, jfr. pkt 6.13, fråtrekt verdien etter skaden, rekna etter same regel.

Det skal gjerast frådrag for verdiauken ved forbetring

av tilstanden på den skada tingen eller del/komponent av tingen ved at brukt vert erstatta med nytt. Ved vurderinga skal det takast omsyn til forringelse ved elde, bruk, nedsett bruksverdi, den tid tingen har vore i bruk og gjenstående brukstid. Frådrag skal gjerast for den del av verdiauken som overstig 40% av tingen eller delen/komponenten sin verdi før skaden.

### 6.5 Uten gjenkjøp eller reparasjon

For ting som uansett årsak ikkje er reparert eller gjenkaffa innan tre år etter at skaden skjedde, skal reknast som erstatningsgrunnlaget i pkt. 6.4, men avgrensast til omsetningsverdien før skaden

### 6.6 Erstatningsutrekning tilleggsdekningar

Pristigning etter skadedag  
Pristigning vert rekna frå skadedagen til reparasjon, gjenanskaffelse eller gjenoppføring har skjedd eller normalt kunne ha skjedd.  
Pristigning vert erstatta i same forhold som skaden elles og er avgrensa til 20% av erstatningen for kvar skada ting etter skadedagen sitt prisnivå.  
Selskapet erstatter prisstigning berre dersom skaden er utbetra innan 5 år frå skadedagen for bygning og tre år for maskiner og lausøyre.  
Erstatningen vert fastsett og forfell til betaling når skaden er utbetra.

### 6.7 Tap av husleigeinntekt

Tap av husleigeinntekt vert rekna på grunnlag av leigeinntekta for umøblerte rom. For lokale som eigaren sjølv brukar, og for ledige lokale, skal leiga setjast etter marknadspris. Det skal gjerast frådrag for innsparte utgifter.

I utrekninga skal det ikkje takast med den del av tapet som skuldast at gjenoppføring eller reparasjon vert hindra eller vert seinke på grunn av:

- a) andre forbedringar, utvidingar eller endringar enn slike som skuldast påbod gitt med heimel i lov eller offentlig forskrift for utbetring av bygningsskaden. Selskapet svarer ikkje for slikt tap som styresmaktene hadde heimel til å gje sjølv om skaden ikkje var skjedd.
- b) reguleringsvedtak bestemt etter skaden.
- c) manglande arbeidskraft etter skaden.
- d) ufullstendig tingforsikring.
- e) manglande finansiering.

I den samla erstatning for tap av husleigeinntekt og prisstigning blir det gjort frådrag for opptente renter av erstatningen

### 6.8 Skjønn

Fastsetting av erstatningsgrunnlag og verdier skal avgjerast ved skjønn dersom den sikra eller selskapet krev det. Skjønnen kan ikkje med bindande verknad for partane ta stilling til skadeårsak og andre faktiske forhold som er avgjerande for om selskapet kjem i ansvar. Reglane om skjønn i selskapet sine Generelle vilkår skal leggst til grunn.

### 6.9 Eigendel

I erstatningsoppgjere vert det gjort reduksjonar med heimel i vilkår eller lov, før frådrag av eigendel. I erstatningsoppgjere for kvar sikra vert det trekt ein eigendel på kr 6.000,- dersom ikkje noko anna er særskilt avtalt eller nemnt i forsikringsbeviset. Dersom skaden vert erstatta ved at selskapet skaffar fram tilsvarande, eller i all hovudsak tilsvarande ting, pliktar den sikra å betale inn eigendelen til selskapet.

### Naturskade

Eigendel som nemnt i Lov om naturskadeforsikring. Har sikra fleire forsikra ting i selskapet som er råka ved ei og same hending, vert det trekt berre ein

eigendel, den høgaste.

### 6.10 Aldersfrådrag

Aldersfrådrag vert gjort gjeldande i staden for den avtala eigendel når aldersfrådraget overstig denne. Ved kortslutning eller annan elektrisk fenomenskade på mekanisk eller elektrisk innretning, maskin eller apparat, skal det gjerast frådrag med 10% av skaden for kvart år sidan tingen vart teken i bruk som ny, men ikkje meir enn 80%.

Ved brotskade på utvendige leidningar, tankar og kummar av annan materiale enn plast, fiberarmert plast, kopar, messing eller rustfritt stål, reknar ein erstatninga på grunnlag av dei totale reparasjonskostnader, medrekna oppgravings- og gjenfyllingsutgifter, med 5% for kvart heile år utstyret er eldre enn 20 år, men ikkje meir 80%.

Ved brotskade på bunnleidningar, det vi si dei leidningane som ligg i grunnen under huset, reknast frådrag på same måte.

Ved brotskade eller skade ved elektrisk fenomen på varmtvassbeholder, -beredar eller fyrkjele, skal det gjerast frådrag på grunnlag av dei totale reparasjonskostnader med 5% for kvart heile år utstyret er eldre enn 10 år, men ikkje meir enn 80% Ved ulik alder på skadde delar, vert den eldste delen sin alder lagt til grunn for heile erstatningsutrekninga. Aldersfrådrag skal gjerast i dei samla utgiftene.

### 6.11 Forsikringssummar

Fullverdi bygning

Fullverdiforsikra bygning er forsikra for det som det på skadedagen vil koste å gjenoppføre tilsvarande, eller i det vesentlege tilsvarande bygning på skadestaden, gjenoppføringsprisen. Meirkostnad ved byggemåte og utstyr som er urasjonelle etter dagen sin byggeskikk skal ikkje takast med.

Premiegrunnlaget vert fastsett av selskapet ved forhåndstakst og vert regulert seinare etter prisindeks for bygning eller ved ny takst.

Tilbygg eller anna forandring som innverkar på bygningen sin gjenoppføringspris, er omfatta av forsikringa og skal meldast til selskapet.

Er melding ikkje gitt, vert det erstatta ein så stor del av skaden som svarer til forholdet mellom gjenoppføringsprisen slik den ville vere uten, og slik den er med forandringa(underforsikring) Omfatter forsikringa bygningar utan spesifisering i forsikringsbeviset, gjeld tilsvarande regel for ikkje anmeldt ny bygning.

### 6.12 Fast forsikringssum - bygning.

Forsikringssummen skal fastsettast av forsikringstakaren.

Er forsikringssummen lik gjenoppføringsprisen, kan heile skaden erstattast utan fråtrekk for underforsikring. Er forsikringssummen lågare enn dette, vert så stor del av skaden erstatta at det svarar til høvet mellom forsikringssum og gjenoppføringsverdi (underforsikring).

### 6.13 Forsikringssum maskiner og lausøyre

Forsikringssummen vert fastsett av forsikringstakaren. Forsikringssummen skal minst tilsvare det som det på skadedagen vil koste å gjenanskaffe tilsvarande eller i det vesentlege tilsvarande ny ting, gjenanskaffelsesprisen.

Er forsikringssummen lågare enn attskaffingsprisen, vert så stor del av skaden erstatta at det svarar til høvet mellom forsikringssummen og gjenanskaffelsesprisen (underforsikring).

Nyanskaffelser er omfatta av forsikringa og verdien av desse skal takast med ved vurderinga av om det ligg føre underforsikring. Når nyanskaffelser i avtaleperioden er forsikra ved eigen sum for uspesifiserte nyanskaffelser, aukast forsikringssummen

med verdien av desse nyanskaffelsene, høgst det forsikra beløp.

#### **6.14 Førsterisiko**

For postar med summar gjevne i punkt 3.1 til 3.14 i vilkåra og postar nemnde i forsikringsbeviset som "førsterisiko" vert skadar etter vilkåra erstatta inntil dei gjevne summene.  
Føresegnene ovanfor om underforsikring gjeld då ikkje.

#### **6.15 Fellesreglar**

Skaden må skje plutselig og uforutsett. Med skade er og meint tap av ting, og kostnader nemnt i punkt 3.1 til 3.14 som følgje av brann eller naturskade. Selskapet svarer berre for skade som skjer i den tid forsikringsavtalen gjeld og i høve til forsikringsbeviset og forsikringsavtaleloven.  
Kostnader til vedlikehald og / eller endringar/forbetringar er unnatekne.

#### **6.16 Skademelding.**

Skaden skal snarast og utan ugrunna opphald meldast til selskapet.  
Selskapet kan krevje at skademeldinga skal innehalde den sikra sin fødselsnummer (11 siffer) eller føretaksnummer.  
Brann, innbrot, tjuveri, hærverk og ran skal meldast til politi eller lensmann.  
Selskapet kan krevje at også andre skadar skal meldast til politi eller lensmann.

#### **6.17 Meirverdiavgift**

Meirverdiavgift vert refundert etter dokumenterte kostnader som er komne til ved istandsetting av skaden, og som ikkje kan verte kravd refundert frå styresmaktene.  
Summen av skade + avgifter kan ikkje verte større enn den avtalte forsikringssummen.

#### **6.18 Høvet til panthavar, konkursbu, nye eigarar o.l.**

I høve til panthavarar, konkursbu, leasingselskap, utleigefirma o.l. er selskapet sitt ansvar avgrensa til det lågaste av følgjande beløp:  
- skilnaden i tingen sin omsetnadsverdi for og etter skaden,  
- den sikra si økonomiske interesse i tingen på skadetidspunktet.

For panthavarar tyder "tingen" i denne samanheng heile panteobjektet.  
Desse reglane gjeld likevel ikkje "leasa" fast eigedom. Ved konkurs gjeld reglane ovanfor utan omsyn til om konkursen var opna før eller etter at skaden skjedde. For andre nye eigarar som kjem til etter at skaden skjedde, andre enn eigaren sin ektemake, sambuar eller livsarving, vert Selskapet sitt ansvar rekna som om gjenreising eller gjenanskaffing ikkje finn stad.

#### **6.19 Oppgjersmåtar.**

Selskapet kan avgjere at skaden skal erstattast ved  
- kontantoppgjjer  
- istandsetting  
- gjenreising / gjenkjøp, eller  
- at selskapet skaffar til veges tilsvarande, eller i hovudsak tilsvarande, ting.

Ved kontantoppgjjer kan erstatninga ikkje vere større enn det Selskapet elles måtte betale for istandsetting eller gjenkjøp.

Ved kontantoppgjjer vil selskapet erstatte arbeidspengar med inntil 75 % av normalpris. Det vert ikkje betalt meirverdiavgift ved kontantoppgjjer. Ved istandsetjing eller gjenreising / gjenkjøp har selskapet rett til å velje kva reparatør eller leverandør som skal nyttast.

**6.19 Eigedom retten til skadde ting**, eller ting som har kome til rettes.

Den sikra pliktar å behalde ein skadd ting mot å få utbetalt erstatning for skaden på tingen.

Selskapet har rett til å overta ting som det er betalt erstatning for.

Kjem ting til rette etter at erstatning er betalt, har den sikra rett til å få attende tingen mot å betale attende erstatninga. Dersom den sikra ikkje samtykkjer i dette, tilfell tingen selskapet.

#### **6.20 Selskapet tek over panterett.**

Dersom Selskapet har ansvar overfor panthavar, men ikkje overfor eigaren, går selskapet inn i panthavaren sin rett i den utstrekning selskapet betaler erstatning til panthavar.

**6.21 Ansvarsavgrensingar** som følgje av handlingar og forsøming frå sikra sine tilsette, endring av risiko og sikringskrav (identifikasjonsreglar)

Dersom den sikra sin rett til erstatning fell bort som følgje av den sikra sine handlingar eller forsømingar, gjeld dette også ved tilsvarande handling eller forsøming gjort av tilsette som har det overordna ansvar for den del av verksemda der forsøminga er gjort.

Den som ved handling forsømer å halde eller å sjå til at sikringskrava vert haldne, kan heilt eller delvis misse retten til erstatning. Retten fell også bort om forsøminga er gjort av andre personar som gjer arbeid av leiande art og av andre som har ei særleg sjølvstendig stilling innan verksemda, samt arbeidsleiarar, medrekna formenn o.l.  
Ved forsøming av å halde sikringskrava som gjeld tjuveri og hærverk, kan rett til erstatning også falle bort ved forsøming gjort av den som har fått utlevert nyklar eller har ansvaret for låsing der tingen er oppbevart.

For medforsikra tredjeperson får reglane om bortfall av erstatning ved forsøming av ikkje å halde sikringskrava tilsvarande bruk. Dette gjeld ikkje tredjepersonar medforsikra etter FAL §7-1, 2. ledd.

Ansvarsavgrensingar ved endring av risiko  
Sikringstiltak nemnt i forsikringspolisen skal vere gjennomført og haldne vedlike. Dersom det har skjedd ei endring som skulle ha ført til høgare premie, kan erstatninga høvesvis bli sett ned.

Forsikringa er overteken på vilkår av at dei fastsette sikringskrav til ei kvar tid vert overholt.  
Ved brot på sikringskrava kan retten til erstatning falle bort eller verte redusert, (jf. Fal § 4-8).

#### **6.22 Selskapet si renteplikt.**

Den sikra har krav på renter av erstatninga, sjå meir om dette i Generelle vilkår.

### **7. Naturskade**

Selskapet dekkjer skade på brannforsikra ting i Noreg, med direkte årsak i naturulukker som skred, storm, flaum, stormflod, jordskjelv eller vulkanutbrot. Jf. lov om naturskadeforsikring av 16. juni 1989, nr. 70. Sjå eige vilkår som gjeld for denne dekninga.

Skade med direkte årsak i skred, storm, flaum, stormflod, jordskjelv og vulkanutbrot. Jf. Lov om naturskadeforsikring.

Sikringskrav, sjå punkt 5

Eigendel ved naturskader er etter lov om naturskadeforsikring, den eigendel som til ei kvar tid er fastsett av departementet.

### **8. Meirutgifter ved skadeutbetring pga påbod**

Meirutgifter ved utbetring eller gjenoppføring vert sett til skilnaden mellom gjenoppføringsprisen for ein bygning tilsvarande den forsikra med same storleik og etasjetal, men utført i samsvar med påboda, og gjenoppføringsprisen for den forsikra bygningen. Meirutgifter ved

byggjemåte og utstyr som er urasjonelle etter dagens byggjeskikk, skal ikkje takast med.

Meirutgifter ved grunnundersøkingar og fundamentering vert rekna som for ein bygning tilsvarende den forsikra, utført i samsvar med påboda. Ved fastsetjing av meirutgiftene skal ikkje takast med:

- meirutgifter til utgraving eller utsprenging av kjellar.
- meirutgifter som skuldast at bygning vert gjenoppført større enn den skadde.
- tap av nytteareal, som følgje av påbod, i forhold til den skada bygning.

Utbetring/gjenoppføring må vere avslutta innan 5 år etter skadedagen, og erstatninga forfell først til betaling når skaden er utbetra.

## 9 . ANSVARSFORSIKRING

### Kva ansvarsforsikringa omfattar

- 9.1 Forsikringa omfattar sikra sitt rettslege erstatningsansvar for skade, jf pkt 9.2, som er påført under utøving som eigar av den forsikra eigedomen
- 9.2 Med skade meiner ein personskade eller tingskade:
- a Personskade har skjedd når ein person vert skada, eller vert påført sjukdom eller døy.
  - b Tingskade har skjedd når lausøyre (her under dyr) eller fast eigedom vert skada eller går tapt på annan måte, eller når elektronisk lagra informasjon vert forvanska eller går tapt på anna måte. Økonomisk tap påført tredjemann som følgje av ein skade det er dekning for vert rekna som del av denne, også når denne skaden ikkje overstig eigendelen.
- 9.3 Skaden må vere konstatert av sikra/ skadelidne i løpet av forsikringstida.

Skaden vert å belaste den forsikring som var gjeldande då skaden først vart oppdaga. Alle skadar som skuldast same hending, vert rekna som eitt skadetilfelle, og vert lagt til det tidspunkt første skade vart oppdaga.

### 9.4 Kva ansvarsforsikringa ikkje omfattar

Dersom ikkje anna er avtala, omfattar forsikringa ikkje ansvar som sikra har teke på seg å bere og som går utover det som følgjer av alminnelege rettsreglar, det vil seie eit kvart ansvar som aleine er tufta på garanti, kontrakt, løfte, tilsegn eller annan avtale inngått før eller etter at skaden er oppdaga.

### 9.5 For skade på ting, (jf pkt 9.2) som sikra har til leige, lån, bruk og oppbevaring.

- 9.6 for forureining av luft, vatn eller grunn, eller skade som følgjer av dette. Som forureining vert også rekna støv, støy, larm, lukt, lys og bestråling. Forsikringa omfattar likevel skadar der årsaka til forureininga er brå og uventa, jf. krava om forholdstiltak i pkt 5.7 "Tank for oppbevaring av brannfarleg væske og andre kjemikalier - sikringskrav". Ved dekningsmessig forureiningsskade omfattar forsikringa også utgifter til opprydding pålagt av offentleg styresmakt. Opprydding på eigen eigedom, eigedom eigd av mor /dotterselskap, eller eigedom som sikra driv eller disponere, vert ikkje dekt.
- 9.7 For personskade i samband med bruk, behandling eller sanering av bygning eller ting som inneheld asbest.
- 9.8 For personskade som rårar sikra sine tilsette når skaden har årsak i arbeidsforholdet

9.9 For tingskade oppstått ved gravings-, spuntings-, sprengings-, pelings-, piggings- og rivingsarbeid, ras eller jordforskyving. Som sprenging regnast også bruk av ekspanderande masse.

9.10 Som byggherre, her under også for om og påbygging av forsikra bygning.

9.11 Som eigar, førar eller brukar av motorkjøretøy (her under truck og arbeidsmaskin med eige framdriftsmaskineri), luftfartøy, seglbåt eller motordrive fartøy.

9.12 For ærekrenkingar eller oppreisning, her under etter Lov av 13. juni 1969 nr. 26 om skadeserstatning, paragrafane 3-5 og 3-6, eller for bøter o.l. (her under "Punitive Damages" eller "Exemplary Damages").

9.13 For skade på ting ved sopp og råte eller på grunn av langsam inntrenging av fukt.

### Sikringskrav

Følgjer ved brot på sikringskrav og handling frå andre personar med verknad for sikra, sjå pkt. 5.

### 9.14 Forsikringssum

Dersom ikkje anna er avtalt, er forsikringssum avgrensa til kr 10.000.000 ved kvart skadetilfelle. Ved skade som skjer i dei nordiske land, dekkjer ein sakskostnader i tillegg til forsikringssum. Ved skade som skjer utanfor dei nordiske land er selskapets samla utbetaling, inklusive sakskostnader og redningskostnader, avgrensa til forsikringssum.

### 9.15 Eigendel

Dersom ikkje anna er avtala, er sikra sin eigendel kr 7500 ved kvart skadetilfelle.

### 9.16 Sikra sine plikter ved skadetilfelle

Skade som ein kan vente fører til erstatningskrav, skal meldast til selskapet utan ugrunna opphald. Når erstatningskrav er reist mot sikra, pliktar sikra:

- omgåande å gi selskapet alle opplysningar som har noko å seie for saka si handsaming
- på eigen kostnad å utføre dei undersøkingar og utgreiingar selskapet finn turvande, samt å møte ved forhandling eller rettegning.

Dersom sikra utan selskapets samtykkje innrømmar erstatningsplikt eller forhandlar om erstatningskrav, er dette ikkje bindande for selskapet.

### 9.17 Behandling av erstatningskrav.

Når erstatningskrav som er omfatta av forsikringa overstig den avtala eigendel, skal selskapet:

- utrede om erstatningsansvar føreligg
- forhandle med kravstillaren
- om nødvendig å prosedere saka for domstolane.

Selskapet betaler sine eigne kostnader ved avgjering av erstatningsspørsmålet, sjølv om forsikringssum vert overskriden. Eventuelle kostnader til ekstern advokat eller annan sakkyndig bistand valt eller godkjent av selskapet, vert betalt av selskapet i den utstrekning summen av kostnadene og eventuelle erstatningsutbetalingar overstig eigendelen (sjå pkt. 9.4 ved skade utanfor dei nordiske land).

Dersom erstatningskravet og/eller grunnlaget for dette dels er omfatta av forsikringa og dels fell utanfor, deler ein kostnadene etter partane sine økonomiske interesser i saka.

Er selskapet villig til å forlike saka eller stille forsikringssum til disposisjon, svarar ein ikkje for kostnader som seinare kjem til. Selskapet betaler den delen av erstatninga som overstig eigendelen. Selskapet har rett til å betale ei kvar erstatning direkte til skadelidne.

#### **9.18 Regress**

Har sikra ikkje halde 1-årsfristen for å gi melding om forsikringstilfellet til selskapet (jf FAL par 8-5, 1. ledd), har selskapet rett til regress mot sikra i dei tilfelle der selskapet har utbetalt erstatning direkte til skadelidne.

**Vår vakttelefon ved skade: 70101250**